

# Agder Historielag

Postboks 136  
4662 Kristiansand S  
kontakt@agderhistorielag.no  
Tlf. 38 10 74 21



## ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 26. APRIL 2014

---

**Stad:** Revsnes hotell på Byglandsfjord kl.11.00-14.30.

**Til stades:** 53 frammøtte, inkludert skrivar og styre.

**Innleiing:** Styreleiar Beint Foss ynskte velkommen.

Leonhard Jansen heldt føredraget ”1814 – Eidsvollsmennene frå dalen”. Han fekk velfortent applaus etter føredraget. Klokka 12.45 var det altfor god Setesdalssuppe (vart lite att) med eplekake til dessert, og 14.45 tok årsmøtet til etter ein film av Bjoren fyrst.

### Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Kristian Sundtoft vart vald til møteleiar.

### Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend, og av dei totalt 53 frammøtte, var 48 røysteføre (skrivar, musikar og 13 abonnentar/observatørar (inkl. føredragshaldaren) var utan røysterett).

### Sak 3 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Ivar Haugen (Evje og Hornnes Sogelag) og Oddbjørg Beisland (Birkenes Historielag) vart valde til å skrive under protokollen.

### Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med denne merknaden.

### Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Årsmøtedeltakarane hadde fått tilsendt driftsrekneskapen, som viste 93.827 kroner i underskot i 2013. Driftsresultatet til Agdersoga synte 7.226 kr i overskot.

Rekneskapen vart samrøystes godkjend utan merknader.

Rekneskapen var revidert og funnen i orden, jamfør revisjonsmeldinga som vart lagt fram under møtet. Revisor har lagt til grunn at rekneskapen til Bentsens hus, med 3.360 kr i overskot, skulle takast med i Agder Historielags rekneskap, men desse pengane er ikkje Agder Historielag sine.

### Sak 6 INNOMNE FRAMLEGG

Det var ingen innomne framlegg, så denne saka gjekk ut.

### Sak 7 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for budsjettet som vart lagt fram på møtet.

### Sak 8 VAL

I valnemnda sat Ellen Ledaal Gjertsen (Arendal), Kjell Ove Sætren (Mandal), Torgeir Retterstøl (Eide) og Anne-Berit Erfjord (Kvinesdal). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og takka for innsatsen til Ragnhild Skarsten Larsen og Liv Kirsten Rølland, som båe gjekk ut av styret denne gongen. Beint Foss orienterte om tilhøva i Landslaget for Lokalhistorie og svarte på spørsmål i høve heimeside for lokallaga.

Frå før står i styret (ikkje på val, har 1 år att):

Styremedlem: Birgit Attestog, Setesdal Sogelag

Varamedlem: Jon Seldal, Øyestad Historielag

Styremedlem: Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag

Varamedlem: Knut Engelskjøn, Austre Moland Historielag

Styremedlem: Beint Foss, Tveit Historielag

Varamedlem: Helge Wiig, Holum Historielag

På val for 1 år:

**Styremedlem Bjug Åkre, Setesdal Sogelag, ny for 1 år (går inn for Inge Augland)**

**Varamedlem Astri Skuland, Marnardal Historielag, ny for 1 år**

På val for 2 år:

**Styremedlem Kristian Sundtoft, Vestre Moland og Lillesand Historielag, attval for 2 år**

**Varamedlem Lars Petter Østby, Høvåg Museums- og Historielag, attval for 2 år**

**Styremedlem Gunnar Thorstensen, Tromøy Historielag, attval for 2 år**

**Varamedlem Sveinung Lien, Tvedstrand Historielag, attval for 2 år**

**Styremedlem Johannes Risnes, Kvinesdal Historielag, ny for 2 år**

**Varamedlem Ragnhild Høydal, Kvinesdal Historielag, ny for 2 år**

**Styremedlem Morten Aslaksen, Vennesla Historielag, ny for 2 år**

**Varamedlem Gerd Lillian Olsen, Søgne Historielag, attval for 2 år**

**Leiar: Beint Foss, Tveit Historielag – attval for 1 år**

**Nestleiar: Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag – attval for 1 år**

**Revisjon/ettersyn av rekneskap: Fylkesrevisjonen i Vest-Agder**

**Utsending til landsmøtet i LLH: Kristian Sundtoft**

**Valnemnda 2014-15:**

Ellen Ledaal-Gjertsen (Arendal Historielag) – ikkje på val, 1 år att

**Torgeir Retterstøl (Eide Sognelag) – attval for 2 år**

**Anne-Berit Erfjord (Kvinesdal Historielag) – attval for 2 år**

Kjell-Ove Sætren (Mandal Historielag) – ikkje på val, 1 år att

Oddbjørg Beisland  
Oddbjørg Beisland

Referent: Borghild Løver

Ivar Haugen  
Ivar Haugen